

Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/3428 - 21/60183

Saksbehandlar:
Hans Kristian Dolmen
hans.kristian.dolmen@alver.kommune.n
o

Dato:
13.09.2021

Lokalitet Bognøy - Søknad om auka arealbruk

Alver kommune viser til søknad om endra arealbruk på lokaliteten Bognøy.

Lerøy Vest AS som drivar av lokaliteten søkjer om endra arealbruk innan for areal lagt ut til arealbruksføremål Akvakultur. Lokaliteten og anlegget har vore i bruk sidan 90-talet og søknaden gjeld slik sett ikkje ny arealbruk, endring eller auke i biomasse eller ny aktivitet.

Alver kommune registrerer at fleire aktørar i oppdrettsnæringa driv og gjer det vi oppfattar som ei modernisering av anlegg. Overgang frå stålrammer til ringar. Så vidt vi er kjent med gjev mellom anna noko betre driftstilhøve, moglegheit for betra fiskehelse og større spreingsareal for avrenning frå anlegget. Dei vedlagte miljøundersøkingane stadfestar at botnforholda ikkje er gode og at tiltak for forbetring kan vere på sin plass.

Søknaden syner at den endra og auka arealbruken held seg innan for areal som i kommuneplanens arealdel er lagt ut arealbruksføremål akvakultur. Slik sett har ein ikkje særskilte merknadar til søknaden, men oppmodar om at gjennomføring og dialog med andre brukargrupper i og rundt området vert gjort så smidig som mogleg.

Søknaden har vore kunngjort og det er motteke innspel frå Fiskarlaget Vest. Søkjar er gjeve høve til å gje uttale til denne. Innspel og uttale tek opp kjente utfordringar og interessemotesetningar knytt til bruk og utnytting av sjøareala.

Slik søknaden ligg føre har Alver kommune ikkje særskilte merknadar.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og analyse

Hans Kristian Dolmen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lerøy Vest AS

Skipavika 54

5397

BEKKJARVIK

Mottakarar:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN